

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 09.11.2015

### Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Marianne Kulstad frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen innan «Rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skular» og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet vil at det i punkt 4 i innstillinga skal setjast inn «...og dei kommunale helsetenestene» etter «.....involverer helsesøster...».

Kontrollutvalet ber om at Deloitte får 15 minuttar til å presentere rapporten for fylkestinget i desember 2015.

Med endringa i punkt 4 vart slik innstilling samrøystes vedteke.

### Innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Rusførebyggjande arbeid i vidaregåande skular", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utarbeide retningsliner eller rapporteringskrav for å sikre at skulane kartlegger risiko og utfordringar knytt til rus på sin skule, og følgjer kartlegginga opp som eit ledd i eit systematisk arbeid med arbeid med elevane sitt psykososiale skulemiljø, jf opplæringslova § 9a
2. Etablere krav om at skulane utarbeider rusførebyggjande planar, og krav til at desse planane blir følgt opp og revidert med jamne mellomrom, jf opplæringslova § 9a og retningsliner gitt i støttmateriell frå helsedirektoratet om rusførebyggjande arbeid i skulen
3. Sikre at skulane systematiserer kva tiltak dei nyttar i det rusførebyggjande arbeidet og i oppfølging av enkeltelevar
4. Sikre at skulane involverer helsesøster og dei kommunale helsetenestene i rusførebyggjande arbeid i tilstrekkeleg grad både på skulane og på systemnivå jf. rettleiar til forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste
5. Å utarbeide retningsliner for samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og relevante samarbeidspartnare i det rusførebyggjande arbeidet
6. Sikre at elevar og føresette blir involvert i det rusførebyggjande arbeidet slik det går fram av Helsedirektoratet sitt støttmateriell for rusførebyggjande arbeid i skulen
7. Laga ein handlingsplan innan 1.2.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.